



Vestnorsk
fjordlandskap

Nærøyfjorden



Del sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitenskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap

Kommunikasjonsplan

for Vestnorsk fjordlandskap,
delområde Nærøyfjorden



Kommunikasjonsplan; Versjon 01.

Forfatter:

Anbjørg Nornes, Verneområdeforvaltar

Gro Nesse-Bremer, NVP Prosjektleder

Jorunn Vallestad, Verneområdeforvaltar

Innhald

- 1. Innleiing ...side 5**
 - 1.1. *Kva er ein kommunikasjonsplan ...side 5*
 - 1.2. *Behovet for ein kommunikasjonsplan ...side 5*
 - 1.3. *Forankring ...side 6*
- 2. Bodskap ...side 7**
 - 2.1. *Verdsarv ...side 8*
 - 2.2. *Verneområda ...side 8*
 - 2.3. *Reglar for ferdsel ...side 9*
- 3. Målgruppe ...side 10**
- 4. Kommunikasjonskanalar ...side 11**
 - 4.1. *Nettsider ...side 12*
 - 4.1.1. *Ny felles nettside - Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden ...side 12*
 - 4.1.4. *Andre nettsider ...side 12*
 - 4.2. *Sosiale medium ...side 13*
 - 4.2.1. *Facebooksida Nærøyfjorden landskapsvernområde ...side 13*
 - 4.2.2. *Facebooksida Nærøyfjorden Verdsarvpark ...side 13*
 - 4.2.3. *Instagramkontoen Nærøyfjorden Verdsarvpark ...side 13*
 - 4.3. *Media ...side 14*
 - 4.4. *Planlegging av ulik kommunikasjon ...side 14*
 - 4.5. *Verdsarvsenter ...side 15*
 - 4.6. *Verdsarvhus ...side 15*
 - 4.7. *Skilt/tavler ...side 16*
 - 4.8. *Trykt informasjon ...side 17*
 - 4.9. *Foredrag, turar og kurs ...side 18*
- 5. Tiltaksplan ...side 19**
- 6. Avslutning ...side 22**



"... kva som skal kommuniserast til kven, samt når og korleis..."

1. Innleiing

1.1. Kva er ein kommunikasjonsplan

Ein kommunikasjonsplan er eit verktøy for å planlegge kva som skal kommuniserast til kven, samt når og korleis kommunikasjonen skal gå føre seg. Den definerer målgrupper og mål med kommunikasjonen og skildrar budskapet ein vil kommunisere og korleis kommunikasjonen skal gjennomførast reint praktisk. Dette inkluderer val

av kanalar som skal brukast for å kommunisere, t.d. om det er mest hensiktsmessig å kommunisere den valde budskapet på ei nettside, gjennom sosiale media, på skilt o.l.. Det er også viktig å definere kven som gjennomfører dei ulike tiltaka, og kven ein bør samarbeide med for å oppnå best resultat.

1.2. Behovet for ein kommunikasjonsplan

Å formidle natur- og kulturverdiane i verdsarvområdet på ein god måte er viktig både for å ta vare på verneverdiane, for at folk som besøker området skal få ei god oppleving, og for å legge til rette for aktivitet og positiv utvikling i lokalmiljøet.

Formidling er ein grunnleggjande verdi i UNESCO sitt arbeid, og Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP) har jobba med formidling av verdiane i verdsarvområdet sidan det vart oppretta. Informasjon og formidlingsarbeid er også viktig i forvaltninga av dei fem verneområda som utgjer størsteparten av arealet i verdsarvområdet.

Fordi kommunikasjon er eit verkemiddel og ikkje eit mål i seg sjølv, er det viktig å ha ein tydeleg plan for kva ein vil oppnå med kommunikasjonen. For at kommunikasjonen skal vere ryddig og heilskapleg, har Nærøyfjorden verneområdestyre og NVP valt å lage ein felles kommunikasjonsplan for Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden. Det er av felles interesse å kunne gje god og oppdatert

informasjon om områda som vi saman er sette til å arbeide i. Samarbeid er avgjerande for å kunne drive god og sameint formidling. Samtidig er det viktig å vere bevisste på å skilje mellom rollene til verneområdestyret og Verdsarvparken, og i all kommunikasjon vere tydelege på kven avsenderen er.

Kommunikasjonsplanen vil vere eit viktig supplement og vedlegg til Besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet, eit dokument som Miljødirektoratet har pålagt Nærøyfjorden verneområdestyre å utarbeide. Besøksstrategien kan du [lese her](#).

Kommunikasjonsplanen er også ein leveranse til Verdsarvrådet som har bedt om at det blir utarbeida ein slik plan for Vestnorsk Fjordlandskap.

1.3. Forankring og rolleavklaring

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden er samansett av areal som vert forvalta av ulike styresmakter.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er eit *samarbeidsorgan* som har si fremste oppgåve å syte for eit godt samarbeid om ei oppfylging av verdsarvstatusen som er i tråd med intensjonen med verdsarvkonvensjonen, retningslinene for verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanen for verdsarvområdet.

Nærøyfjorden verneområdestyre er *forvaltningsstyresmakt* for verneområda noko som inneber eit formelt ansvar for å forvalte dei seks verneområda i samsvar lov- og planverk og handsame saker som kan påverke verneverdiane.

Utanfor verneområda er det fyrst og fremst **kommunane** som er *forvaltningsstyresmakt*.

Nærøyfjorden Verdsarvpark er ein regionalpark og eit *regionalt utviklingsverktøy* som har som sitt fremste oppgåve å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet.

For kvart verdsarvområde og -stad er det oppretta ein verdsarvkoordinatorfunksjon.

Verdsarvkoordinator sine mest sentrale oppgåver er *oppfylging av retningslinene* til verdsarvkonvensjonen. Verdsarvkoordinatorfunksjonen for Vestnorsk fjordlandskap er lagt til Verdsarvparken.

Både **Verdsarvparken** og **verneområdestyre** har eit ansvar for informasjonsarbeid og god formidling av verneverdiane og verdsarvverdiane.

Verneområdestyret sitt formidlingsansvar er forankra i vedtekter for Nærøyfjorden verneområdestyre:

"Som forvaltningsstyresmakt skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilde informasjonstiltak. Styret er hovudansvarleg for informasjonstiltak og skal utføre dette i samsvar med Miljødirektoratet sin merkestrategi."

Verdsarvparken sitt formidlingsansvar, gjennom verdsarvkoordinatorrolla, er forankra i artikkel 4 i konvensjon for vern av verda sin kulturog naturarv: *"Alle statspartene erkjenner at plikten til å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre til framtidige generasjonar den kultur- og naturarven som det er vist til i artiklene 1 og 2, og som befinner seg på dens territorium, i første rekke påhviler den samme staten. Så langt ressursene rekker, vil staten gjøre alt for å gjennomføre dette, også, når det er på sin plass, ved hjelp av tilgjengelig internasjonal bistand og samarbeid, spesielt av økonomisk, vitenskapelig og teknisk art."*



Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden



Verneområda



Regionalparken - Nærøyfjorden Verdsarvpark



“Hovudbodskapen i formidlinga av Vestnorsk fjordlandskap er natur- og kulturkvalitetane”

2. Bodskap

Hovudbodskapen i formidlinga av Vestnorsk fjordlandskap er natur- og kulturkvalitetane som ligg til grunn for både vern og verdsarvstatus, og dette dannar utgangspunktet for alt formidlingsarbeid.

Besøkande til området skal få auka kunnskap om området, samtidig som dei skal få gode opplevingar i området. Vi vil også formidle informasjon om korleis ein bør oppføre seg i området, og at det må takast omsyn til lokalbefolkning og landbruksdrift.

Vi vil fokusere på kva informasjon målgruppa ynskjer og treng om området, og prøve å formidle dette på ein enkel måte, utan for mykje fagspråk og paragrafar. Det konkrete bodskapet må spesifiserast for kvart enkelt tiltak.



2.1. Verdsarv

Vi ynskjer å formidle betydninga av verdsarvstatusen, at dette betyr at området er vurdert å ha eineståande verdi for menneskeheita og at dette er eit av dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden.

Grunngjevinga for verdsarvstatusen er det vakre fjordlandskapet frå fjord til fjell, med aktive geologiske prosessar, tronge dalar, brear, skog, fossar og frittrennande elver. Kulturlandskapet tilfører ein kulturell dimensjon som aukar verdien av området.



2.2. Verneområda

Vi ynskjer å formidle natur- og kulturkvalitetane som ligg til grunn for vernet av dei ulike verneområda, samt informasjon om særskilte reglar og omsyn som må takast i verneområda.

Vi vil vise fram det gamle slettelandskapet som pregar Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, med sin varierte flora og fauna og gamle fangstanlegg for villrein.

For Nærøyfjorden landskapsvernområde vil vi få fram dei unike tronge fjordane, dei mange vassdraga med særigne fossar, brear og høge fjell. Vi vil formidle korleis landskapet er forma gjennom aktiv bruk over lang tid, og at kulturlandskapet med gardar, stølar og gamle kulturminne er viktige verneverdiar.

Vi ynskjer at folk skal kjenne til urvalmuen i Bleia naturreservat, den urskogprega furuskogen og tømmerdriftshistoria i Nordheimsdalen naturreservat, og at Grånosmyrane naturreservat er eit viktig våtmarksområde som er leveområde for mange fugleartar.

2.3. Reglar for ferdsel

Vi ynskjer å formidle informasjon om korleis folk bør oppføre seg i verdsarvområdet. Dette inkluderer:

- omsyn til sårbar natur og til sårbare artar
- omsyn til landbruksdrift (smittefare, bandtvang, grinder)
- spesielle reglar i verneområda
- sporlaus ferdsel
- omsyn til kulturminne
- respekt for fastbuande





Ulike målgrupper:

Fastbuande; barnehagar, skular, lokale lag og organisasjonar

Gjester; innlands og utanlands


3. Målgruppe

Målgruppa for kommunikasjonen er både fastbuande og besøkande, og både unge og gamle. Dei ulike målgruppene vil vi nå gjennom ulike kommunikasjonskanalar og ulike tiltak.

Samarbeid med barnehagar og skular i regionen er avgjerande for å kunne gje born og unge informasjon om området dei veks opp i, om verdsarv og verneverdiar. Vi er opptekne av at dei skal kjenne på eigarskap til dette framifrå landskapet.

Samarbeid med lokale lag og organisasjonar er på same vis som for born og unge eit viktig tiltak for å nå fram med rett og god kunnskap om området, og dei omsyn som landskapet treng.

Samarbeid med turistnæringa og anna næringsliv er viktig for å kunne utvikle området på eit vis som tek omsyn til naturen, og for at dei besøkande skal få god informasjon frå vertskapet. Vi ynskjer å styrke samarbeidet med Visit Voss og Visit Sognefjord.



Kundereisa/besøksreisa saman med mogleg samanstøt med oss
 (Henta frå Prinsipp for besøksforvaltning, Vestnorsk fjordlandskap)

4. Kommunikasjonskanalar

Det er viktig å velgje ein kommunikasjonskanal som treff den målgruppa vi ynskjer å nå, når vi ynskjer å nå den. For besøkande vil ei god nettside vere ei viktig kjelde for å skaffe seg informasjon om området i forkant av besøket. Sosiale media vil vere viktig for å leie folk til informasjon på nettsida, samt for løpande kontakt med lokalbefolkning om ting som skjer.

Skilt kan formidle viktig og kortfatta informasjon til besøkande på bestemte stadar, medan verdsarvhus og turistinformasjonskontor kan gje besøkande meir inngåande kunnskap om området dei er i.

Trykt informasjon som brosjyrer og kart kan vere viktige supplement som dei besøkande kan ta med seg ut på tur.

For barnehagar og skular vil foredrag og kommunikasjon ansikt til ansikt vere ein viktig formidlingskanal. Det er også viktig med god opplæring av guidar som kan formidle budskapet vidare til sine gjestar/kundar.

4.1. Nettsider

Fordelen med nettside som kommunikasjonskanal er at du kan nå folk når som helst og overalt. Det er plass til mykje informasjon, og du kan kommunisere på fleire ulike språk.

Ulempa er at folk må søke aktivt etter den informasjonen vi tilbyr for å finne nettsida, og at ein konkurrerer med mange andre nettsider om merksemda til målgruppa.

Det er viktig med god kvalitet på tekstane og god søkemotoroptimalisering for at folk skal finne sida, og å halde informasjon på nettsida oppdatert og relevant for at folk skal bruke den. Det er også viktig å spisse informasjonen på nettsida mot den målgruppa vi ynskjer å nå.

4.1.1. Ny felles nettside - Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

www.vestnorskfjordlandskap.com

Den nye utadretta nettsida for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden fylgjer den nye designmanualen til Miljødirektoratet. Hovudmålgruppa for denne nettsida er turistar og andre besøkande til området.

Dette vil for mange vere eit av dei første møta med informasjon om området, og det er eit mål at lesaren skal få eit tydeleg bilete av naturen, opplevingane og tilboda i området. Gjennom bevisst bruk av bilete og tekst skal nettsida inspirere til bruk av naturen i og rundt verdsarvområdet.

På nettsida vil vi formidle:

- naturverdiane
- kulturverdiane
- opplevingsmoglegheiter
- innfallsportar
- praktisk informasjon om reise og overnatting
- informasjon om sporlaus ferdsel og besøksforvaltning

4.1.3. Nærøyfjorden verneområdestyre si nettside

www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden/

Denne nettsida skal gje informasjon om forvaltning av verneområda for grunneigarar, lokalbefolkning og andre spesielt interesserte. Her kan du finne dokument som verneforskrifter, forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtselsplanar. Info om styret

sitt arbeid og protokoll frå alle styremøta vil vere tilgjengeleg her. Det er her dokument som er på høyring vil bli lagt ut, og ein vil finne kontaktinfo til verneområdestyret og forvaltarane.

4.1.2. Nærøyfjorden Verdsarvpark si nettside

www.naroyfjorden.no

Dette er ein kanal som prøver å vere oppdatert og aktuell. Her blir informasjon av ulik art lagt ut. Døme kan vere informasjon om ulike søknadsfristar, møter for partnarar i Parken og andre. Det kan vere aktivitetar som har engasjert mange aktørar i området, og det er formelle saker, som protokollar og referat som blir lagt ut på desse sidene. Anna informasjon kan vere dato/påmelding og generell informasjon om kurs og opplæring som Parken arrangerer enten åleine eller i samarbeid

med andre. Nyhende av allmenn interesse som gjeld NVP sitt område finn og sin plass her.

Nettsida er eit godt verktøy med tanke på synleggjering av kva verktøy Parken kan vere for å kunne utvikle regionen. Den inngår også i arbeidet med å bevissgjere alle ledd i kva forventningar som ligg i å forvalte verdsarvstatusen. Her søker vi å gi kunnskap som leier til eigarskap.

4.1.4. Andre nettsider

Fylkesatlas: www.fylkesatlas.no/verneomrade_verdsarv vil vera eit nyttig verktøy i formidling av kunnskapen om området. Før fylkesatlas kan takst aktivt i bruk, må det oppdaterast med ny informasjon om blant anna stiar og mengde ferdsel på stiane.

Ut.no er ei viktig kjelde til informasjon om ulike turar, som det vil lenkast til frå turforslaga på den nye felles nettsida.

Den norske turistforeining jobbar no med ei oppgradering av ut.no, der dei mellom anna vil kvalitetssikre turane og legge ut informasjon om når ein tur går gjennom eit verna område. Verneområdeforvaltninga vil bidra inn i dette arbeidet.

4.2. Sosiale medium

Ein av fordelane med sosiale medium er at det er lett å nå mange på kort tid med budskapen vi ynskjer å formidle. Sosiale medium eignar seg godt til å spreie nyhende lokalt, og til å leie folk vidare til meir informasjon på nettsidene. Å dele gode bilete og positive nyhende i sosiale medium kan bidra til å auke interessa for verdsarvområdet.

Sosiale medium skapar også utfordringar. Til dømes kan flotte bilete av eit område som ein person legg ut på instagram eller facebook spreie seg veldig fort og skape nye turmål som ikkje er nødvendigvis er ønskelege eller tilrettelagt for auka ferdsel. Det er derfor viktig med bevisst bruk av sosiale medium og gjennomtenkte val av bilete ein legg ut.

4.2.1. Facebooksida Nærøyfjorden landskapsvernområde

<https://www.facebook.com/Naeroyfjorden>

Her vil det bli delt nyhende, informasjon og bilete frå verneområda som Nærøyfjorden verneområdestyre har ansvar for å forvalte. Det vil sei landskapsvernområda Nærøyfjorden og Bleia – Storebotnen og naturreservata Bleia, Norheimsdalen og Grånosmyrane.

4.2.2. Facebooksida Nærøyfjorden Verdsarvpark

www.facebook.com/naroyfjorden

Denne sida er NVP sin kanal for informasjon om store og små hendingar, arrangement og bilete frå området. Det kan til dømes vere når personell er ute i feltarbeid, situasjonsdeling frå ein nydeleg morgon, eller at vi legg ut ei kort oppdatering frå eit Parkmøte. Her blir det også lenka til saker som ligg på nettsida til NVP.

På denne sida kan publikum ta kontakt og få svar frå dei tilsette i parkorganisasjonen, om dei ikkje vil skrive epost, eller dei kan kommentere postane som blir lagt ut.

Dette inkluderer augeblikk-delning frå ulike aktivitetar i vårt eige område, og når parkorganisasjonen er på tur i andre parkar/verdsarvområde.

4.2.3. Instagramkontoen Nærøyfjorden Verdsarvpark

<https://www.instagram.com/naroyfjordenworldheritagepark/>

Denne vert nytta mest når tilsette i verdsarvparken er ute i felt. Den blir brukt til deling av opplevingar og hendingar, bilete om stort og smått.

Det er mykje deling av bilete frå lokale og besøkande som nyttar hashtag'en til NVP. Kontoen blir også nytta til formidling av besøk i andre område og parkar.

4.3. Media

Det er ofte saker og hendingar som media syner interesse for, og som dermed får plass i aviser, radio og tv. Andre gonger kan vi ha saker som vi synst skal få plass i slike media, og som vi difor må presentere på best mogleg måte for å få merksemd.

Pressemeldingar, reportasjar og kronikkar kan vere gode reiskap for kommunikasjon i det offentlege rom. Då må ein ha ein god plan for korleis formidle budskapet klart og tydeleg. Det som kan synast sjølvstøtt for oss som arbeider med saksfeltet til dagleg, er kanskje heilt ukjent land for reportaren/journalisten som skal dekke saka, eller for lesaren/lyttaren som får nyhende.

Annonsar som fortel om aktivitetar som kurs, foredrag, innspelsmøte, turar og liknande er ein viktig kanal for å gjere tilboda våre kjente for interesserte deltakarar. Førehandsomtale av slike arrangement er ofte vanskeleg å få til, difor blir annonsering ein viktig kanal. Annonsering er også viktig for å få ut informasjon om forvaltningsdokument som er på høyring, og som folk kan gje innspel til.

Sjekkliste:

- Klar rolledeling. Kven som til ei kvar tid skal vere talsperson må avtalast i kvar sak.
- Be alltid om å få korrekturlese reportasjar på førehand.
- Faktakunnskap/grunnleggande informasjon om vårt område bør ligge klart til å legge ved kommunikasjon med media.
- Gode illustrasjonar og bilete er viktige element - ha ei samling med slike lett tilgjengeleg.

4.4. Planlegging av ulik kommunikasjon


Døme på skjema som kan nyttast under planlegging av ulik kommunikasjon

Kva er tiltaket	Bodskap	Kanal	Målgruppe	Tid	Utførar	Samarbeidspartar

4.5. Verdsarvsenter

Det er hausten 2020 ferdigstilt eit forprosjekt som tek føre seg etablering av eit verdsarvsenter i Aurland. Eit verdsarvsenter vil innehalde informasjon og utstillingar som viser fram naturen og kulturen i verdsarvområdet. Senteret vil m.a. ha store utstillingslokale der aktivitet er eit nøkkelord. Her vil ein kunne ta imot grupper med born og unge frå heile regionen, og det vil vere ein stad for besøkande å ha som mål å vitje.

Eit slikt knutepunkt er viktig å få på plass i regionen, og arbeidet med å etablere eit autorisert verdsarvsenter held fram med mål om å få til ein samlokasjon med NVP, verneområdeforvaltninga, SNO og Fjellstyret. Eit verdsarvsenter vil på den måten bli eit fagleg tyngdepunkt i området, der kunnskapsdeling mellom ulike faggrupper kan bidra til best mogleg utadretta kommunikasjon, og til formidling av verdiane i området vårt.



4.6. Verdsarvhus

Verdsarvhusa skal vere UNESCO Verdsarvsenteret sine "filialar." Prosjektet har som mål å skape aktivitet i og kring tidlegare skulehus/ grendehus samt involvere grendene i formidlingsarbeidet.

I NVP sin handlingsplan står følgande:

Verdsarvhus for formidling, samhandling og verdiskaping, alle med ulike profilar og bodskap, medfører ei desentralisert tilnærming der den lokale tilknytninga løyser ut ressursar og engasjement i lokalsamfunna.

Ei satsing på slike «Verdsarvhus» tett kopla til det lokale engasjementet for nyskaping kan og vera eit godt utgangspunkt for etablering av eit framtidig UNESCO Verdsarvsenter.





4.7. Skilt/tavler

Skilt kan gje nødvendig og nyttig informasjon til folk på bestemte plassar.


Miljødirektoratet har utarbeida ein rettleiar for planlegging av innfallsportane til dei store verneområda i Noreg. Der blir ein innfallsport definert som summen av utandørs tilrettelegging som møter og kanaliserer besøkande fram til ei oppleving av heile eller delar av verneområdet. Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden er eit stort område med mange naturlege innfallsportar.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har gitt NVP i oppdrag å sette opp informasjonstavler ved innfallsportane til området. Det er rundt 15 år sidan dette arbeidet starta, og det er no på tide å oppdatere overflatene og gjere ei ny vurdering av behovet for skilt. Samtidig har Miljødirektoratet utvikla ein ny merkevarestrategi, som både Verdsarvrådet og verneområdestyret skal bruke i sin kommunikasjon.


NVP vil ha hovudansvaret for å utforme nye tavler etter denne malen, i samarbeid med verneområdeforvaltninga. Så langt det er mogleg vil eksisterande stativ bli gjenbrukt. I vedlegg 1 finn du oversikt over alle eksisterande og planlagde skilt, sortert etter område.

Skiltarbeidet blir i størst mogleg grad gjort i samarbeid med grendelag, interessegrupper, reisemålselskap, turlag og andre engasjerte aktørar. Arbeidet vil også sjåast i samanheng med sti- og løypeplanar i kommunane. Ein god involveringsprosess vil vere med å skape eigarskap til skilta, og oppmuntre til samarbeid mellom ulike aktørar.

I hovudsak vil skilt bli plassert i sentrum eller ved sti-start, og hovudformålet vil vere besøksstyring. Skilt i naturen i verneområda bør avgrensast. Langs utvalde, mykje trafikkerte stiar der det er spanande natur eller kulturminne, kan det vere aktuelt med kultur/naturtavler for å informere om kva ein ser. Desse må vere nøye gjennomtenkt og bør utformast og plasserast slik at dei er lite dominerande i terrenget. I hovudsak skal arbeidet følge prinsippet på illustrasjonen under.




oversikt over skisserte tavler og eksisterande tavler (grøne prikkar)



oversikt over div type tavler på Bakka



prinsipp illustrasjon for forskjellige typer tavler i dei ulike grendene



4.8. Trykt informasjon

Brosjyrer og kart kan vere nyttige supplement til informasjon på skilt og på nett. Fordelen er at folk kan ta det med seg der dei er og ikkje treng nettilgang. Ei utfordring er kor folk skal få tak i den trykte informasjonen.


Verdsarvparken har utvikla A map of travelers of the fjords, som er oppdatert i 2020. Dette er svært populært og blir mykje brukt av gjestene i området. Den treng ein kontinuerleg oppdatering og bør sjåast i samanheng med elles utgitte trykksaker.

NVP og Verneområdeforvaltninga vil sjå om ein også skal utvikle ei kartbrosjyre etter den nye malen til Miljødirektoratet. Nyten i å ha eit kart som inneheld informasjon om området er føremålstenleg i forhold til å ha fleire ulike brosjyrer for ulike områder.

Det kan og væra aktuelt på sikt å utvikla Aktivitetshefte for unger som er ein god måte å formidla natur- og kulturverdiane.



inspirasjons
illustrasjon



eksisterende
"fjordbrosjyre"

4.9. Foredrag, turar og kurs

Den beste måten å formidle verdiane i området er ofte ansikt til ansikt. Gjennom årlege undervisningsopplegg med barnehagar og skular, opne Verdsarvturar, aktivitetsdagar og liknande arrangement når ein ut til lokalbefolkninga og skapar engasjement og auka kunnskap om verdsarvområdet og verneverdiane.

Foredrag og kurs for aktørar i reiselivet kan vere ein god metode for å nå ut til dei som kan formidle informasjonen vidare til mange besøkande. NVP har i samarbeid med Visit Sognefjord som mål å utarbeide nettbaserte vertskapskurs.

Praktiske kurs og foredrag om ulike handverk og teknikkar er viktige for å kunne ivareta kulturminne og bygningar i området. Kunnskap og inspirasjon til å vedlikehalde og ivareta murar, bygg og så vidare er eit viktig element for å halde kulturlandskapet i hevd.



5. Tiltaksplan

Tiltak	Bodskap / Tema	Mål-gruppe	Tidspunkt	Utfører /ansvarl eg	Samarbeids-partar
Ny felles nettside	Natur- og kulturverdiar Om grendene Opplevingar Spørlaus ferdsle Praktisk info	Besøkande	Ferdig i løpet av vinteren 2020/2021	Verne-område forvaltninga NVP	Reiselivet DNT Miljødirektoratet
Oppdatere verneområde-styret si nettside	Info om forvaltning av verneområda Viktige dokument Styresaker Høyringar	Lokal-befolkning Grunn-eigarar For-valtning	Når Miljø-direktoratet har den nye malen klar. 2021-2022?	Verne-område forvaltninga	Miljødirektoratet Fylkesmannen i Vestland
Oppdatere facebook-sider og instagram-konto	Positive nyhende Skjøtselsarbeid Hendingar Aktivitet	Lokal-befolkning Besøkande	Løpande oppdatering	NVP Verne-område forvaltninga	
Oppsetting og refoliering av skilt	Natur- og kulturverdiar Spørlaus ferdsle Turalternativ, Praktisk info Styre ferdsel	Besøkande Turistar Turgåarar Padlarar	2020 – 2022 Sjå eigen skiltplan med prioritering	NVP	Verneområde-forvaltninga
Arbeide for å få på plass verdsarvhus i grendene	Formidling Samhandling Ver diskaping Skape engasjement både i grenda og hjå besøkande	Besøkande Lokal-befolkning	Pågåande arbeid	NVP	Grendalag/grunn-eigarar Verneområde-forvaltninga Reiselivet Kommunane

<p>Utedag/tur- dag med forteljing/ samtalar og aktivitetar</p> <p>Aurland, Lærdal, Vik og Voss</p>	<p>Landskaps- danning/ -endring</p> <p>Lokal kulturhistorie</p>	<p>Førskule- born</p>	<p>3 ulike temadagar over 3 år i kvar kommune.</p>	<p>NVP</p>	<p>Sogn Naturforvaltning</p> <p>Fortidsminne- foreininga</p> <p>Partnerar NVP</p> <p>Kommunane</p>
<p>Leirskule i Dyrdal</p>	<p>Auka kunnskap og oppleving av verdsarven og berekraftig bruk/ferdsle</p>	<p>ABU</p> <p>Flåm Skule</p>	<p>Årleg</p>	<p>-NVP</p> <p>-ABU</p> <p>-Flåm Skule</p>	<p>-Sogn Naturforvaltning</p> <p>-Indre Sogn Kystlag</p> <p>Kommunen</p>
<p>Innandørs og utandørs undervisning</p> <p>Guida tur med oppgåve- løysing</p>	<p>Auka medvit om, stoltheit over og tilknytning til staden Stadressurs- analyse Verdsarv/ verneområde</p>	<p>8. trinn</p>	<p>To heildags- opplegg, + dobbeltime</p> <p>Årleg</p>	<p>NVP</p>	<p>Verneområde- forvaltninga</p> <p>SNO</p> <p>Lokale turlag</p> <p>Kommunane</p>
<p>Tematiske, guida turar</p> <p>Aurland, Lærdal, Vik og Voss</p>	<p>Bidra til opplevingar, kunnskap/ interesse og engasjement for verdsarven, natur- og kulturverdiar i lokalsamfunn og regionen</p>	<p>Lokal- befolkning</p>	<p>Ein tur i kvar kommune kvart år</p>	<p>NVP</p>	<p>Parkpartnerar</p> <p>Kjentfolk og verksemder i området</p>
<p>Foredrag, seminar, kurs med ulikt innhald</p>	<p>Engasjement og opplæring.</p> <p>Formidling av historie og tradisjonar</p> <p>Handverk, Byggjeskikk</p>	<p>Hand- verkarar Grunn- og huseigarar Lag</p> <p>Andre med interesse for fagfelta.</p>	<p>Årleg</p> <p>Ulike tema</p>	<p>NVP</p>	<p>Handverkarar o.a. fagpersonar.</p> <p>Parkpartnerar</p> <p>Aktuelle samarbeids- partar</p>

Verdsarvsenter	Knutepunkt for all formidling og kompetanse	Besøkande Lokalbefolkning	Forprosjekt er ferdig	NVP	Verneområdeforvaltninga Kjølelageret Kommunane Reiselivet
Bidra til vidareutvikling og kvalitets-sikring av turinformasjon på UT.no	God og riktig turinformasjon Besøkande skal vite når stien går inn i eit verneområde, og om det er bestemte reglar som gjeld.	Besøkande Turgåarar	2020-2022	DNT	Verneområdeforvaltninga
Vertskapskurs	Felles grunnlag og forståing gjev høgare kvalitet på kommunikasjon	Alle som møter gjestene i området	Frå 2021	NVP	Verneområdeforvaltninga Visit Voss Visit sognefjord Parnarar i NVP
Etablere jamnlege møte med Visit-selskapa	God og riktig informasjon til besøkande	Besøkande	Frå 2021	NVP Verneområdeforvaltninga	Visit Sognefjord Visit Voss
Kartbrosjyre	kart, natur og kulturverdiar	Besøkande	2021	Verneområdeforvaltninga	Miljødirektoratet NVP



Nøkkelord: SAMARBEID

6. Avslutning

Det er av felles interesse å kunne gje god og oppdatert informasjon om områda som vi saman er sette til å arbeide i. Samarbeid er avgjerande for å kunne drive god og sameint formidling. Vi vonar at ein kommunikasjonsplan vil gjere samarbeidet mellom NVP og verneområdeforvaltninga tydlegare og meir sameint, og tydeleggjere kva oppgåver den respektive organisasjon har. Det er viktig at alle som har interesse for områda våre veit kven dei skal vende seg til, og at vi som organisasjonar veit kven og korleis vi best skal kunne bistå i ulike spørsmål.

Denne planen skal vere eit nyttig verktøy og vil ikkje vere eit statisk dokument. Den vil bli oppdatert og betra etter kvart som vi erfarer korleis den fungerer. I så måte kan vi sjå på dette dokumentet som versjon 1.0 – og erfaring gjennom bruk vil gje oss versjon 2.0.

